

## Mandat

Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning (LSO) i Møre og Romsdal

## Bakgrunn

*Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning i Møre og Romsdal* vart etablert november 2019. Dette er eit revidert mandat, godkjend i LSO-møte 21.06.2023

## Samansetning

### **Faste medlemmer:**

Helse Møre og Romsdal HF: 6 (fagdirektør, forskingssjef, utdanningsjef, 2 klinikkrepresentantar)

UH-sektoren: (dekan, prodekan- eller instituttleiarnivå)

NTNU: 3 (prodekan forskning, prodekan utdanning, instituttleiar)

Høgskolen i Molde: 2 (dekan (med stedfortreder)), forskerrepresentant

Høgskulen i Volda: 2 (dekan (med stedfortreder)), forskerrepresentant

Brukarutval HMR: 1

Norges Forskningsråd, regional representant: 1

KS: 1

Møre og Romsdal Fylkeskommune: 1

Statsforvaltaren: 1

### **Observatørar:**

Universitetskommunen Ålesund, Helse og velferd: 1

Kvar institusjon skal oppnemne vararepresentantar som kan stille ved forfall slik at vi sikrar representasjon frå alle institusjonar.

## Leiing

Leiing av det lokale samarbeidsorganet rullerar mellom HMR og UH-medlemmane, HMR leiar annakvar periode. Leiar sit for to år av gongen.

## Arbeidsutval (AU)

Det er oppretta eit arbeidsutval, som skal vere saksførebuande for det lokale samarbeidsorganet og arbeide med saker av ikkje-strategisk art mellom møta. Arbeidsutvalet består av tre representantar frå HMR (fagdirektør, forskingssjef og utdanningsjef) og to representantar frå UH-sektoren (dekan og instituttleiar). Representantane skal forankre avgjersle i eigen sektor.

## Sekretariat

Sekretariatet består av to representantar frå HMR (1 frå Seksjon for forskning og innovasjon, 1 frå Seksjon for utdanning) Sekretariatet bistår med administrativ støtte til det lokale samarbeidsorganet og arbeidsutvalet, og står for løpande kontakt og oppfølging mellom møta.

## Arbeidsgrupper

LSO har mynde til å opprette arbeidsgrupper der ein ser behovet for det. Arbeidsgruppene skal arbeide med konkrete oppdrag etter ein tidsplan og med spesifikke rammer.

## Møter

Det lokale samarbeidsorganet skal ha minst 2 fysiske møter i året, det vil vurderast fortløpande om ein skal auke møtefrekvensen for å møte det høge ambisjonsnivået for LSO.

## Oppgåver

Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning (LSO) skal:

- Vere rådgjevande for besluttande organ i helse- og UH-sektoren i Møre og Romsdal - i saker som gjelder utdanning, forskning og innovasjon
- Behandle saker av overordna strategisk art som er av felles interesse for helseføretaket og UH-sektoren som handlar om utdanning, forskning og innovasjon.
- Arbeide for at rammevilkår, regelverk og insentivsystem knytt til forskning, utdanning og innovasjon vidareutviklast og harmoniserast for best mogleg å utnytte fellesskapet sine ressursar
- Arbeide for at utdanningar er kunnskapsbaserte, relevante og av god kvalitet
- Arbeide for at praksisstudiar er i tråd med studieplanar, nasjonale retningslinjer og forskrifter
- Utarbeide felles strategiar for å styrke regionen Møre og Romsdal som ein innovativ, kunnskapsbasert og samarbeidande helseregion
- Arbeide for fleire kombinerte stillingar mellom føretaket og UH-sektoren
- Det lokale samarbeidet skal understøtte det regionale samarbeidet, og bidra til implementering av regionale avgjersle